



Hardanger



**MØTEBOK**  
**HARDANGER UNGDOMSRÅD**

Torsdag 02.11.2017  
Rådhuset i Kvam, Norheimsund  
10.00 – 14.00

**Til stades:**

Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Elias Selvik Undal
Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Tiril Eiken
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Oda Medhus
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Marte Kristoffersen
Granvin herad:	Ungdomsrådsnestleiar Kristine Solberg

**Ikkje til stades:**

Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Olav Simon Kambestad
Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar

**Andre:**

Jondal kommune	Arnved Soldal Lund
Kvam herad	Kari W. Vik
Hardangerrådet	Trude Læg Reid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

AGENDA:

10 00 Inspirasjon  
10 30 Hardanger Ungdomsråd sakshandsaming  
11 30 Lunsj  
12 15 Sakshandsaming HU fortset

INSPIRASJON: Velkomne til nye Ungdomsrådsleiarar i Hardanger Ungdomsråd.  
Me vil introdusera Hardanger Ungdomsråd og fortelja om kva me har gjort.

**HU-sak 15/17**

**Konstituering**

**Vedtak:**

Tiril Eiken, Jondal er vald til leiar for Hardanger Ungdomsråd i 2017/2018  
Bjørk Thorbjørnsen, Ulvik er vald til nestleiar for Hardanger Ungdomsråd i 2017/2018

**HU-sak 16/17**

**Møteplan 2018**

**Vedtak:**

Neste møte i Hardanger ungdomsråd vert mandag 4.desember i Jondal kl 0930.

Møteplan 2018 Hardanger Ungdomsråd vert lagt fram på nytt med litt endring på neste møte

## **HU-sak 17/17**

### **Uttale frå Hardanger Ungdomsråd om forslag til endring i vilkår for bortebruarstønad i statsbudsjettet for 2018**

#### **Vedtak:**

Hardanger ungdomsråd hadde denne saka oppe på rådsmøte 02.11.2017. Hardanger Ungdomsråd har dette å sei:

- Ungdom bør ikkje måtte pendla 120 km DAGLEG
- 120 km tar kortare tid mange stader på Austlandet, der vegane er betre enn på Vestlandet. Her er geografien utfordrande og 120 km kan ta lengre tid enn 2,5 timar.
- Kollektivtilbodet for elevene som pendlar dagleg i Hardanger er svært dårleg og det begrensar ungdom sine moglegheiter til å delta på sosiale aktivitetar og treningar med deira medelevar. Dette fører til at pendlarane går glipp av det sosiale livet, som er viktig for læring i klassesituasjonen.
- I Hardanger og omegn er vegane dårlege og mange stader særst rasfarlege. Avstandane til aktuelle vgs for ungdom i Hardanger er for mange lengre i tid enn det f.eks er på austlandet der vegnettet er betre og har høgare fartsgrensa. I tillegg er store deler av vegen rasfarleg, det er ikkje kjekt for nokon å pendla på desse vegane.

Vedlegg: Det vert sendt inn 3 vedlegg i denne uttalen frå unge pendlarar i Hardanger og kva det gjer med deira kvardag.

## **HU-sak 18/17**

### **Oppsummering Aktivitetshelga 2017 – vegen vidare**

Aktivitetshelga 2017 var vellukka på alle måtar. Som tidelgare år er det påmeldinga som er største utfordringa.

Skal de arrangerast aktivitetshelg i 2018 må ein av kommunane i Hardanger ta på seg vertskapsrolla. Alle er informert og det er herved sendt ut ein open invitasjon til alle Hardangerkommunane.

## **HU-sak 19/17**

### **Hardanger Ungdomsting 2018 – arbeid med innhald**

#### **Vedtak:**

Hardanger Ungdomsting(HU) skal arrangerast i Granvin torsdag 8. februar 2018 kl 10.00-15.00.

HU ønskjer at alle ordførarane i Hardanger kjem på denne samlinga.

Tema for Ungdomstinget er

- **Hardanger etter 2020**
  1. Skulepolitikk
  2. Ikkje legg ned utkantane
  3. Same rett på offentlege tenester før og etter samanslåing
  4. Kulturskule tilbod må fortsetja
  5. Oppretthald ungdomsrådet i framtida
- **Korleis kan ungdom påverka i arbeidet i kommunane:**
  1. I samanslåingsprosessar
  2. I andre strukturendring i kommunane
  3. I generelle endringsprosessar
- **Ambulanse/Legevakt**
  1. Korleis er stoda i dag, jmf debatten i 2017
  2. Kva kan me gjera for å få ambulansen tilbake.
  3. «First responder» prosjekt i Samnanger

HU vil invitera Kjersti Toppe, eller ein annan sentral politiskar, til å koma å fortelja om ambulanse og legevakt i distriktsnorge.

**HU-sak 20/17                    Aktuelle saker for HU**

Ingen andre saker denne gongen.

**HU-sak 21/17                    Orienteringssaker**

- Ungdommens fylkesting – Alle ønskjer meir informasjon om dette. Dei som reiser informerar meir på neste møte.
- HU på sosiale medier – diskutera meir på neste møtet

**HU-sak 22/17                    Informasjon om arbeid frå den einsskille kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.****Ulvik:**

Har diskutert bortebruarstipend og føreslåtte endringar i statsbudsjettet for 2018. Vil senda uttale

**Eidfjord:**

Har diskutert bortebruarstipend og føreslåtte endringar i statsbudsjettet for 2018. Vil senda uttale

**Granvin:**

Har fått nytt ungdomshus, og er i gang med ny internettkabel for LAN

Dei har gjort nytt vedtak for omval/nytt val: Representantar kan vera med i 2 år til om dei verkeleg har lyst. Granvin lurar på om andre råd vil ha ein slik regel?

**Jondal:**

Har også endra på sine vedtekter:

Dei skal i sitt råd ha 3 representantar frå ungdomskule som vert vald på skulen.

Dei skal ha 2 representantar frå VGS som vert vald direkte av kommunestyret.

**Kvam:**

Skal arrangera trafikksikkerheitskurs i Kvam.

Referat av Trude L. Rinaldo

## Uttale om stortinget sitt vedtak om endringar av villkåra for bortebuarstipend

I statsbudsjettet for 2018 har stortinget lagt fram at dei vil spare 21,2 millionar ved å endra villkåra for å få bortebuarstipend. Dette forslaget inneber at grensa for avstand mellom heim og skule, som i dag er 40 km, vert endra til 60 km. Ein må altså bu 60 km vekke frå skulen for å ha rett på stønad til å leiga hybel. På austlandet der vegane er strake tar det langt ifrå like lang til å pendla 120 km kvar dag enn det gjer på vestlandet.

Eg bur i bygda Herand i Jondal Kommune og går på Fusa vidaregåande skule. Eg går ei linje som heiter TAF Marin, og Fusa VGs er einaste skulen i Hordaland som tilbyr denne linja. Herand ligg 66 km frå Fusa, og eg vil ikkje missa stipendet mitt. Hadde eg derimot budd i nabobygda, som ligg 7 km nærmare Fusa, måtte eg ha pendla ca. 120 km kvar dag. Då det er dårleg med bussforbindelsar måtte eg og pålegga foreldra mine å køyra meg til ferjekaien i Jondal kl. 05.30 kvar morgon. Skulereisa mi hadde vore 2 timar lang, kvar veg. At nokon vil pålegga ungdommar å pendla 4 timar kvar dag kan eg ikkje skjønna...

Bortebuarstipend er eit stipend ungdom kan søka om å få om du ikkje skal bu heima lengre. Om eg ikkje tar heilt feil så har stipendet vore på 4200 kroner i månaden.

Det er nokon kriteria for å få eit slik stipend.

Huset der du bur no må vera meir enn 40km unna skulen din, det må ta meir enn 3 timar dagen med pendling til og frå skulen din eller det må vera nokon spesielle forhold som gjer at du må bu borte under utdanninga.

Om me som bur i Eidfjord hadde valt å flytta på hybel på Voss (for det er der nærmaste vidaregåande skule er) hadde me fått dekka det av bortebuarstipendet. Eg kan bruka broren min Nikolai som eit eksempel.

For ein månad sida flytta han på hybel på Voss. Alle han bur med må betala 3500 kroner i månaden + straum. Dette blir dekka av bortebuarstipendet (fordi det er på 4200 kroner).

No skal det bli gjort ei endring. Kriteria skal forandrastt. No må huset der du bur vera 60km unna skulen for at du skal få bortebuarstipend. Og sidan Eidfjord er 50km unna Voss vil ikkje me i Eidfjord få bortebuarstipend.

Så Nikolai må flytta heim igjen frå hybelen sin eit halvt år etter at han flytta inn.

Om me må pendla kvar dag hindrer det for at me kan delta på aktivitetar etter skuletid og det øydelegger for vårt sosiale liv.

Det vil seie at me i Eidfjord er nøydt til å pendle 10 mil for dagen, kvar dag i 3 år. Ikkje berre er det veldig mykje og utmattande i lengda, men dette er også på smale vegar der det til tider er veldig stor rasfare.

I 2002 var det ein buss som blei tatt av eit ras i Eidfjord. 2 stykk omkom og tre personar blei henta opp redda. Dette skjedde på ei strekning mellom Eidfjord og Erdal som er ei strekning du må køyre på for å komme til Voss.

## ***Pendle livet***

**Pendling og buss tider:** Kvar morgon vaknar eg klokka 06:00 for at eg skal rekka bussen min som går 07:30, bussen heim går 15:50. Desse to bussane meiner eg er greitt tilrettelagt med skule tidene. Men, om det er ein dag der du forsøv deg eller blir sleppt litt seint frå skulen, har du eit problem... rekk du ikkje bussen, må ein ofte venta eit par timar før neste buss går heim. For meg tek bussen frå 1h til 2h, kjem ann på kva buss eg tekk. Men kvar dag tek eg ca. ein 2h lang busstur, tur/retur.

**Sosialisering og fysisk aktivitet:** Dette er noko ein kjenne godt på kroppen, mykje trøtt, meir følsam/irritabel, ikkje tid til so mykje fritid, mindre sosial, osv. Eg merker at eg har blitt mindre sosial den siste tida, pga. pendling, eg får mykje mindre tid til å trenar enn da eg gjorde før. So pendling er ikkje berre tungt og bale, men går og utover helsa, sosialisering og fritidsaktivitetar.

**Vegane eg køyre til skulen:** Eg vil ikkje kalla dei heilt trygge, men ikkje utrygge heller, Om summerane/våren og starten på hausten er dei greie og køyra. Men det er ein del svingar, som gjer det ekkelt og ubehageleg. Men når kulden kjem, vil eg ikkje sei det er so trygt lenger, glatte vegar, og i tillegg vegen ligg heilt nede med sjøen. Glatte og utrygge vegar og rasfare, som det er veldig mykje av her(Vestlandet.) Mange av foreldra våre sitt med klump i halsen om vintrane når me tek bussen, pga. den ekle fjorden ut over, med både skarpe og slakke svingar. Men framleis er det ekkelt, for du vet ikkje kva som kjem bak svingen. Ras, elg/hjort, eller ein idiot i ein bil? Veit ein aldri.

Eg spurte foreldra/systera, kva dei tenker:

- **Kva tenker du om vegen til skulen, trygg? Føler du deg trygg når eg tek bussen til og frå skulen?**

**Svar:** MOR/FAR: Nei, dårleg veger, som gjer at ein må stola på bussjåføren. **Når det er Kaldt og glatt:** Meir skeptiske og bekymra. Tenker på det kvar dag.

**SYSTER:** Tja, trygg nok. Irriterande lang, unødvendig. Da KAN skje ting. **Når det er Kaldt og glatt:** tenker ikkje so mykje over det, litt skeptisk når eg tenker på det.

- **Har det vore nokke forskjell på korleis eg har vore etter at eg byrja på Voss? (helsa, trening, sosialisering)**

**Svar:** MOR/FAR: Mykje meir trøtt og sliten, mindre sosial, trur du trene meir, Ja forandring i ete vanar, meir usunn mat(lenger mellomrom mellom mattider), einig med syster om at det ikkje er alltid matlysten er på topp, pga. att eg er sliten.

**SYSTER:** Ja, dårlegare helsa pga. trøtt heile tide, dårlegare tid, mindre sosial, trener mykje mindre enn før, ikkje alltid du gidder å eta middag, fordi du er sliten.

- **Kva tenkjer du om buss tidene?**

**Svar:** MOR/FAR: Dårligare, forlite val mellom buss tidene. Skule og buss tider bør gå meir overeins.

**SYSTER:** irriterande, fleire bussar, Eks. om du er ferdig 12:00 må du venta til 14:40 bussen går(Voss-Ulvik)

- **Kva er dekans største frykt som foreldre?**

**FORELDRE:** **Svar:** At det skjer ei ulykka, der ein/fleir blir skada, eller nokon mister livet.

- **Bu stipendet(foreldre):**

**FORELDRE:** **Svar:** Fere som får moglegheit til hybel, fordi det få som klarer og betale hybelkostnadane. Godt mogeleg at fleire droppe ut eller vel vgs i Bergen, pga. di ikkje orke pendling.